



Bergen, 20. januar 2016

## **Skoleskyss – Innmelding av skyssbehov 2016-2017**

Skolene kan nå sende inn søknader om skoleskyss for skoleåret 2016-2017.

### **Innmelding av skyssbehov skjer i 2 delar:**

- 1) Innmelding av start- og sluttider. **Frist 1. mars**
- 2) Innmelding av elevsøknader. **Frist 1. mars**

**Start- og sluttider for skoleåret 2016-2017 må leggst inn i CERT før innmelding av elevsøknadane.**

### **Organisering av skyss**

Etter opplæringslova § 13-4 har kommunen eit medansvar i organiseringa av skoleskyssen. Det inneber mellom anna at den einskilde skole må ta omsyn til skoleskyssen ved utarbeidinga av sine start- og sluttider.

#### **1) Start- og sluttider**

Skolen må legge inn samme start- og sluttider som inneverande skoleår. Søknad om endring av start- og sluttider for neste skoleår, eller utsetting av frist 1. mars, sendast til [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no).

Søknad om endringar **etter frist 1. mars** kan ein ikkje rekna med vil bli teke omsyn til, og eventuelle meirkostandar vil bli vurdert fakturert kommunane.

#### **2) Elevsøknader**

Søknadane er skolen sin bestilling av transportkapasitet til Skyss. Det er dermed viktig at alle felt i søknaden er riktig fylt ut og at eventuell nødvendig dokumentasjon er lagt ved elektronisk.

**Drosje:** For elevar der ein søker om drosje er det eit krav at telefonnummer til føresette er fylt ut for at drosjeselskapet skal kunne utføre skyssen.

**Ferdig prega skolekort blir produsert på grunnlag av søknader meldt inn innan fristen.**

### **Brukarmanual**

Skyss har ein manual som viser deg steg for steg korleis informasjonen skal leggst inn i Cert. Link til manual finn ein på [www.hordaland.no/cert](http://www.hordaland.no/cert)

Med dette ynskjer vi lukke til med oppgåvene i samband med skoleskyss for 2016-2017.